

Notat frå formannskapet sitt møte med næringslivet

Torsdag 12. oktober 2006

Møte med Sørøal kl. 9 – 10

Sørøal v/Ytredal oppteken av:

Industriområde – utvikling, næringspark

Ønskjer at industriområdet ”Husnes nord” vert utvikla vidare, og at det er dette området som vert prioritert. Går sterkt mot utviding i Bogsnes, ønsker ikkje nye inngrep her. Har sjølv stor tomt kring fabrikk (ca. 1000 daa.); deler av dette arealet kan truleg nyttast til andre næringsføremål i framtida. Sørøal er meir open for dette enn nokon gong, men vil vurdera type verksemd ut frå eigne interesser og at dette bør vere verksemdar som har trong for sjønære areal. Oppteken av at området mellom industrien og bygda oppretthaldar sine kvalitetar. Ser ikkje at fabrikk vert utvida med dei straumprisane ein no har.

Sørøal – utvikling

Største utfordring er energitilgang. Vurderer ulike løysingar for å sikra langsiktige leveransar. Stiller lavtemperaturvarme til rådvelde til kostpris, men vil ikkje vere ein pådrivar i arbeidet med gjenvinning av denne energien.

Skal investera ca. 100 mill. til i oppgradering, og anlegget vil da halde eit høgt nivå og verksemda vil med det vere godt budd for framtida.

Arbeidstrening

Makter ikkje å halde nivået på attføring oppe; meiner det offentlege må ta meir av dette arbeidet. Opne for samarbeid i regionen. Oppteken av kva kommunen ser for seg innanfor dette temaet.

Kommunikasjon

Meiner snøggbåttilbodet til/frå Bergen har blitt for dårleg. Er spent på vegstandard o.l. når Halsnøysambandet står ferdig. Ønskjer Sunde som ferjekai grunna fabrikk sin trong for tungtransport. Meiner elles av vegvedlikehald og vegstandard i Husnesområdet er alt for dårleg. Farleg å sykla grunna dårleg vegdekke; har hatt fleire ulykker grunna dette.

Drøfting:

Ordføraren oppteken av utviklinga ved KVV. Sørøal seier at kjemi-/prosessline manglar, konkurrerer med olje/gassmiljøet om denne kompetansen. Problem med å halde på lærlingane i dette faget etter endt utdanning.

Arbeidstrening: Sunnhordland Industri bør etablera aktivitet i Kvinnherad; kommunen og Sørøal bør arbeide for dette saman.

Møte med næringslivet kl. 10 – 12

Abelsen, Umoe Schat-Harding:

Vanskeleg å rekruttera arbeidskraft. Får ikkje ferdig utdanna kvinnheringar til å venda heim.

Vanskelege kommunikasjonar. Har mykje reiseverksemd, men det er problematisk å reise til/frå utlandet frå Kvinnherad.

Sal, produktutvikling og service vil utvikla seg vidare på Seimsfoss, medan produksjonen i stor grad vert flytta utanlands. Bytter ut operatørar med ingeniørar her heime. Ikkje aktuelt å flytta frå Seimsfoss slik det no ser ut.

Saghaug, Posten:

Få tilsette i Posten i Kvinnherad, men oppteken av å vere ei serviceverksemd for næringslivet.

Førland, Kvinnherad Næringservice:

Konkurrerar med byane om arbeidskraft; for lite miljø for enkelt å kunne bytta jobb.

Saknar ein næringshage.

Oppteken av at det må vere god vegstandard i kommunen.

Støttar framlegga frå andre om ein profileringskampanje for Kvinnherad.

Rein, Reins Maskinering:

Stort problem at snøggbåttilbodet er så dårleg; særst vanskeleg å koma seg til/frå flyplass på skikkeleg vis utan å bruka bil. Meinat snøggbåttilbodet må sentraliserast til Husnesområdet; skjønar ikkje at ruta skal gå frå Rosendal.

Oppfordrar KVV til å kontakta verksemdene og reisa på besøk; meiner utdanningsmessa vert for stort løft for små verksemdar.

Manglar eit oversyn over tilgjengeleg industriområde. Ei god oppgåve for Næringservice.

Ekeland, Husnes Vekst:

Skryt av velkomstpakke og mottaking da ho arbeidde i Odda kommune. Ønsker noko liknande her. Få potensielle tilflyttarar til å føle seg velkomne.

”Technical Visits” er ei interessant nisje i reiselivsbransjen; kan ma. Bidra til lettare rekruttering av arbeidskraft til næringslivet.

Berge, Sim Tech:

Har nyleg etablert verksemd i kommunen. Fekk ikkje noko informasjon frå kommunen om næringsområde, leigemoglegheiter, kontaktnett i næringslivet o.l. ved etablering eller som tilflyttar.

Synes kommunikasjonane til/frå Kvinnherad er for dårleg. Må dessverre ofte overnatta på hotell ved flyplassen.

Saknar ei scenariotenking: Kva om Søralf legg ned, eller andre faktorar endrar seg drastisk? Kvinnherad har truleg vore bortskjemd med stabile tilhøve dei siste 20 åra.

Guddal, Søralf:

Meiner at fokuset på å ”flytta heim” gir ei negativ avgrensing. Må flytte fokuset til ”å flytta til” når ein skal rekruttera arbeidskraft og nye innbyggjarar.

Gjester Hoel, KVV:

Stor utfordring for KVV å rekruttera arbeidskraft. Kva er Kvinnherad sine konkurransefortrinn i jakta på arbeidskraft? Kva skil oss frå dei andre?

Inviterar næringslivet og andre aktørar inn i KVV sitt visjonsarbeid; kva slags skule ønskjer vi oss?

Ein vidaregåande skule for heile Kvinnherad!

Bra med sterk identitet til bygda der ein bur, men veldig viktig å stå saman som ein kommune. Stå saman.

Alle gode krefter må slå seg saman for å realisera nybygget på KVV.

Pettersen, Rosendal Turistservice & Samarbeidsrådet for Sunnhordland:

2006 ein bra turistseong både for Kvinnherad, Sunnhordland og Hardanger.

Utfordring for reiselivsnæringa: Nyta dei moglegheitene ein har i natur og kultur, og å få sesongen til å vara heile året.

Må utnytta det at nasjonalparksenteret er etablert i Kvinnherad.

Må få på plass ein heilårleg vertskapsfunksjon, kanskje felles for heile regionen.

Viktig for reiselivet at båtutene også går dit turistane vil.

Eidsvik, Eidsvik Skipsbyggeri:

Store svingingar i bransjen; frå permitteringar for to år sidan til fulle ordrebøker eit år fram i tid.

Største problem no er mangel på arbeidskraft, og verksemdene steler litt frå kvarandre.

Finst det tomteareal i alle bygdene? Kommunen bør vere meir aktiv i tilrettelegging av nye bustadområde.

Problematisk med blanda føremål på industriområde; td. konflikt mellom fergeoppstillingsplass og sandblåsing på nabotomta. Gjer det vanskeleg å få nye verksemdar til å etablera seg.

Gje skulen og elevane moglegheiter til å koma seg rundt på bedriftsbesøk (skyss o.l.)

Kommunen bør promotera ledig næringsareal ol., td. på heimesida si.

Opptur no, men det er heilt sikkert at nedturen kjem. Korleis skal ein møte dette? Kva slags alternativ er mogleg?

Ønskjer seg ei spørjeundersøking mot bedriftene for å kartleggja trongen for språkkurs for utanlandsk arbeidskraft.

Hjelmeland, Energi Teknikk:

Må prøva å slå saman ressursar; etablera merkenamnet Kvinnherad. Utfordring å få alle til å dra saman.

Trong for ein koordinator, gjerne kommunal, både for reiselivet og for næringslivet elles.

Rusten, Handeland Gjestegard:

Sunt å få folk utanfrå til å få Kvinnherad på skinner.

Problem å få eitt senter til å fungera i Kvinnherad kommune.

Må våga å satsa på ein plass i høve til snøggbåttrafikken til/frå kommunen.

Henriksen, Fjordferie Hytteformidling:

Kvinnherad er attraktivt for ferierande.

Reiselivet er meir enn berre dei som kjem med den nye snøggbåtruta til Rosendal.

Mange turistgrupper legg igjen mykje pengar i lokalsamfunnet; td. ei myte at tyske turistar ikkje handlar her.

Bør tilsetja ein kommunal reiselivssjef. Må investera i dette for å få tilbake auka volum i næringa.

Finst i dag ingen skrytebrosjyre korkje til turistar eller tilflyttarar.

Etterlyser ei god nettside om kommunen, retta mot både turistar og tilflyttarar.

Holmedal, Søre Kvinnherad Skogeigarlag:

Verdiane i skogbruket berre aukar. Tilveksten er mykje større enn avvirkinga.

Avsettingsproblem på dårleg betalt virke, generelt prisnivå på papir.

Store utgifter til transport.

Manglar kultur for stell og drift av skog; har enno ikkje fullført første syklus.
Stort byråkrati; mykje skjema.
Forslag til tiltak: pelletsfabrikk og biobrenselprosjekt som bør støttast av kommunen.
God støtte i prosjektstilling hjå Vestskog.
Flaskehalsar på vegnettet er ei utfordring for næringa.
Positivt at kommunen øyremerkar tilskot til skogbruket.
Viktig å kunne utnytta råstoffet lokalt, ikkje berre sende virket ut av kommunen.

Korttila Flodsand, NAV Kvinnherad Trygd:

Ei stor utfordring er å få færre på trygd. Talet er aukande, og det kan ein ikkje leva med.
Ber næringslivet vere aktive i høve til IA o.l.